

Roviltnemnda i region 7  
Moloveien 10  
8002 BODØ

Trondheim, 24.02.2022

Deres ref.:

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):  
2022/317

Saksbehandler:  
Anders Braa

## Planleggingsramme for regionale roviltnemnder 2022 - førebyggende og konfliktdempende tiltak (FKT) og drift

**Miljødirektoratet sender med dette ut planleggingsramme for dei regionale roviltnemndene for 2022. Midlane vert tildelte for å dekke arbeidet til roviltnemndene med førebyggende tiltak mot roviltskadar og konfliktdempende tiltak, samt utgifter til drift av nemndene og sekretariata. Vi ber om tilbakemelding frå sekretariata om fordeling av midlane innan 1. april 2022.**

Midlane for 2022 er løyvd på kapittel 1420, post 21 og 73, jf. Prop. 1 S (2021 - 2022).

### Tilskot til rovvilttiltak - Kap 1420.73 <sup>1</sup>

Posten er retta mot resultatområdet Naturmangfald. Posten dekker utgifter til førebyggende og konfliktdempende tiltak i rovviltforvaltninga, inkludert godtgjering til lokale fellingslag og tilskot til Norges Jeger- og Fiskerforbund for rovvilttiltak som ei oppfølging av rovviltforliket av 2011. Løyvinga på posten kan òg nyttast til tiltak for å auke kunnskapsgrunnlaget som kjem den todelte målsetjinga til gode. Foreslått løyving er 79,6 mill. kroner, ein reduksjon på 0,9 mill. kroner samanlikna med 2021. Posten har fått delvis prisjustering med 1,1 mill. kroner, og så er det flytta 2 mill. kroner til kap. 1410 post 21 for å utvide og forbetre metodikken i rovviltovervakinga. Innanfor posten er det sett av 10 mill. kroner til omstillingstiltak.

### Mål

Målet med tilskotsordninga er å førebygge rovviltskadar i husdyrhald og tamreindrift gjennom å medverke til å finansiere førebyggende tiltak. Midlane skal òg nyttast til omstillingstiltak for dyreeigarar med utmarksbasert sauehald, som over eit lengre tidsrom har hatt omfattande rovviltskadar og ønskjer ei omstilling til anna næringsverksemd med tilknytning til landbrukseigedommen.

Vidare skal midlane nyttast til godtgjering ved forsøk på skadefelling av rovvilt, og medverke til å dempe konflikhtar og auke verdiskapinga knytt til førekomstar av rovdyr i lokalsamfunn.

---

<sup>1</sup> Frå Prop. 1 S (2021-2022)

Det blir lagt vekt på å føre vidare arbeidet med tiltak innan førebygging og konfliktdeмпing med utgangspunkt i Stortingets behandling av St.meld. nr. 15 (2003-2004) Rovvilt i norsk natur, jf. Innst. S. nr. 174 (2003-2004), og rovviltforliket på Stortinget våren 2011 (jf. Representantforslag 8:163 S (2010-2011)).

#### *Kriterium for måloppnåing*

Kriterium for måloppnåing er at tilskotsordninga stimulerer til mindre tap og konflikthar knytte til rovviltførekost i dei ulike rovviltregionane ved å setje i verk effektive førebyggjande og konfliktdeмпande tiltak. Vidare er det eit kriterium for måloppnåing at tilskotsordninga fører til omstillingar der dette fører til reduserte tap og konflikthar.

#### *Tildelingskriterium*

Tilskot til førebyggjande og konfliktdeмпande tiltak blir fordelte etter ei føresegn fastsett i 2013, mens føresegna som omhandlar omstillingstiltak vart fastsett i 2015. I tråd med føringane i rovviltpolitikken vil ein hovuddel av midlane bli kanalisert gjennom dei åtte regionale rovviltnemndene. Midlane skal nyttast til førebyggjande tiltak i husdyrhald og tamreindrift og til konfliktdeмпande tiltak retta mot kommunar og lokalsamfunn. I kvar region har den regionale rovviltnemnda utarbeidd ein forvaltingsplan som skal sikre at det over tid blir lagt til rette for tilpassingar som gir eit best mogleg skilje mellom beitedyr og faste førekostar av rovvilt. Dette inneber blant anna at besetningar med store årlege tap til rovvilt bør prioriterast for tilskot til naudsynte driftstilpassingar. Dei regionale rovviltnemndene har hovudansvaret for at tildelingane over posten skjer i tråd med eigen forvaltingsplan i den enkelte regionen. Det er utarbeidd nasjonale standardar for nokre av dei ulike førebyggjande tiltaka. Desse standardane skal følgjast ved iverksetjing av tiltaka. Midlane til omstilling skal fordelast av Miljødirektoratet, etter innspel frå regionale og lokale miljø- og landbruksstyresmakter.

Auka beitebruk med sau i rovviltprioriterte område skal ikkje stimulerast. For å medverke til ei tydelegare soneforvaltning skal midlar til førebyggjande og konfliktdeмпande tiltak normalt prioriterast slik at det blir fokusert på besetningar som ikkje medverkar til auka tal på beitedyr i rovviltprioriterte område. På same måte skal nyetablert beitebruk med sau i rovviltprioriterte område prioriterast lågt.

#### *Oppfølging og kontroll*

Det blir utført ein generell formalia- og sannsynskontroll av rapportar frå tilskotsmottakarar om gjennomføring av tiltak og ressursforbruk. For å sikre effektiv bruk av midlane er det lagt vekt på kontroll med at førebyggjande tiltak som er støtta med offentlege midlar, følgjer nasjonale standardar der slike er utarbeidd.

#### *Rapport 2020*

I 2020 vart det behandla i alt 497 søknadar om konkrete førebyggjande tiltak, og det vart behandla 189 søknadar om tiltak for å dempe konflikthar kring rovvilt. Det kom inn 84 søknadar om akutte tiltak, og det vart gjennomført omstillingstiltak for to bruk som hadde opplevd vesentleg rovviltskade i besetningane over fleire år. Det kan ut frå statistikk over erstatningsutbetaling for skade og tap av sau sjå ut til at tapa går ned med ei auke i avsette midlar til tiltak. Reduksjonen i tap kan og henge saman med den geografiske differensieringa av både rovviltførekostar og prioritering av tiltak.

Brukarar sender søknad elektronisk, og alle rapportar kan sendast inn på same viset. Dette fører til betre oversikt over oppnådde resultat og korleis brukarane vurderer måloppnåinga ved dei einskilde tiltaka. Rapportane er tilgjengelege i søknadsarkivet til søknadssenteret.

#### **Sakshandsaming**

Fordelinga av midlane mellom regionane bygger på innmeldte behov frå statsforvaltarane, historikken frå dei einskilde fylka/regionar dei føregåande åra, fordeling av dei nasjonale

bestandsmåla på den einskilde regionen, og ein skjønsvurdering basert på rapportar og skadehistorikk i den einskilde regionen.

Den einskilde rovviltnemnd skal med utgangspunkt i planleggingsramma fordele midlar til ulike tiltakstypar, og fordele mellom fylke der regionen omfattar fleire fylke. Midlane kan ikkje nyttast til andre førermål enn det som fell inn under framstillinga av budsjettkapittelet og -posten. Den einskilde statsforvaltar vil ta imot søknadar, vere rekneskapsførande eining, og fordele midlar innanfor den ramma nemnda set av for kvart tiltak og fylke.

Nemnda bør setta av ein reserve for akutte tiltak i dei einskilde fylka, og må sjølv avgjere korleis denne skal disponerast. Miljødirektoratet har, etter ønske frå statsforvaltarane, likevel vald å behalde nokre akuttmidlar sentralt for spesielle høve. Vi ber statsforvaltarane om å melde slike behov skriftleg med ref 2022/317.

Miljødirektoratet vil minne om at nemndene i planlegginga si må ta høgde for kostnader knytt til ordning med godtgjering ved fellingsforsøk utført av kommunale/interkommunale fellingslag. Refusjonskrav frå kommunane må dekkast av nemndene innanfor dei tildelte rammene av kap. 1420 post 73. Miljødirektoratet har ikkje halde tilbake midlar til dette føremålet.

Statsforvaltarane som tek imot midlar frå Miljødirektoratet kan ikkje overføre midlar seg imellom utan at ei slik overføring er skriftleg akseptert av Miljødirektoratet. Den einskilde statsforvaltar handsamar og tildeler midlar til brukarar innan eige fylke. Sekretariatet til rovviltnemnda skal ikkje handsame sakar på vegne av alle statsforvaltarar i regionen. På same måte må statsforvaltarar som er del av meir enn ein rovviltregion nytte midlane i den rovviltregionen der midlane er tildelt.

For alle søknadar skal handsaminga dokumenterast i søknadssenteret til direktoratet. Denne løysinga skal nyttast for heile landet ved søknad om og rapportering av brukte midlar, og løysinga er obligatorisk for alle søkarar. Dette vil også gje nemndene og statsforvaltarane betre høve til å sikre lik handsaming og gjensidig nytte av røymsler frå gjennomførte tiltak, samt innsyn i alle prosjekt.

Vi gjer merksam på at det ikkje er høve til å betale tilskot utan utlysing. På tilskotspostar skal det berre betalast tilskot, og eventuell tilbakeføring av tilskotsmidlar kan dermed ikkje nyttast til tenestekjøp eller lønn/reise/drift. Forvaltning av Miljødirektoratet sine tilskotsmidlar er innanfor dei faste oppgåvene for statsforvaltarembeta og skal dekkjast over kap. 525. Det er difor ikkje høve til å berekne overhead/administrative utgifter av tilskotsmidlar. Eventuelle restmidlar på kap. 1420 post 73 skal rapporterast til Miljødirektoratet for eventuell tilbaketrekking. Det er ikkje høve til å nytte restmidlar til andre føremål eller til anna enn tilskot.

Samla løyving til føremålet er på 79,575 mill. kroner i 2022. Av ramma vert det gjeve ei fordeling på 67,75 mill. kroner til rovviltnemndene. Midlar til omstilling blir fordelt av Miljødirektoratet. For 2022 er det avsett 10 mill. kroner til omstillingstiltak.

*Forskrift om tilskudd til forebyggende tiltak mot rovviltskader og konfliktdepende tiltak og Forskrift om tilskudd til driftsomstilling grunnet rovvilt finst tilgjengeleg på [www.lovdata.no](http://www.lovdata.no).*

### **Tenestekjøp - Kap. 1420.21**

Midlar til tenestekjøp og forskingsaktivitet i regi av direktoratet og rovviltnemndene vert tildelte over kap. 1420 post 21. Dette kan til dømes vere oppgåver knytt til forskning og utgreiing som hjelper til med utvikling og iverksetting av effektive førebyggjande tiltak, eller evaluering av effektar av igangsette tiltak.

I samsvar med rovviltforliket i 2011, (Representantforslag 163 S (2010-2011)), er det ønskeleg å sikre ei rask og effektiv handsaming av spørsmål knytt til den daglege forvaltninga av rovvilt,

medrekna svar på søknader om fellingsløyve på rovdyr, aktuelle førebyggande tiltak osv. Rovviltnemndene bør legge til rette for å sikre vaktordningar hos statsforvaltaren som tar omsyn til dette.

Vi gjer merksam på at kap. 1420 post 21 er ein driftspost og at det på denne posten berre skal belastast utgifter til tenestekjøp, lønn, reiser og anna drift. Midlane kan dermed ikkje nyttast til utbetaling av tilskot. Rovviltnemndene vert tildelte ei ramme på 6,85 mill. kroner til slike utgifter i 2022.

#### **Drift av nemnder og sekretariat - Kap 1420.21**

Midlar til å dekke møtegodtgjersle og reiser til nemnda, drift av sekretariatet og auka kapasitet i enkelte fylker, vil bli tildelte over kap. 1420 post 21. Totalt er det sett av 8,85 mill. kroner til dette i 2022.

Miljødirektoratet har tildelt 3,25 mill. kroner til vidareføring av auka kapasitet ved enkelte sekretariat/statsforvaltarar i supplerande tildelingsbrev 1-2022 frå KMD ("Styrking av saksbehandlarkapasitet rovvilt"). Dette er knytt til særlege utfordringar i einskilde fylke. Det er sett av lønnsmidlar til Statsforvaltaren i Innlandet (1 250 000,-), Statsforvaltaren i Oslo og Viken (500 000,-), Statsforvaltaren i Trøndelag (500 000,-) og Statsforvaltaren i Troms og Finnmark (1 000 000,-).

Midlar til drift av nemnder og sekretariat er vidare fordelte mellom regionar basert på tidlegare røynsler, planlagt møtefrekvens, reiseavstandar, og forventa kostnad til sekretariatet (sjå tabell). Nemndene må kontrollere at dei avsette rammene ikkje blir overskridne. Det einskilde sekretariatet vil vere rekneskapsførande eining for desse midlane. Det er nemnda som set av midlar til drift av sekretariatet.

#### **Tildelt ramme for 2022 - Kap. 1420.73 og 1420.21**

Tildelt ramme til nemndene er tilnærma lik som for 2021.

Region	Tilskot Kap. 1420.73	Tenestekjøp Kap 1420.21	Drift av nemnder/ sekretariat Kap 1420.21
1	850 000	350 000	475 000
2	3 000 000	400 000	500 000
3	5 000 000	1 000 000	550 000
4	4 900 000	600 000	550 000
5	16 000 000	1 000 000	700 000
6	13 500 000	1 200 000	800 000
7	10 000 000	800 000	825 000
8	14 500 000	1 500 000	1 200 000
SUM	67 750 000	6 850 000	5 600 000

Vi ber sekretariata informere oss om fordelinga av midlane innan eigen region innan 1. april 2022. Tilbakemeldinga skal sendast til [postmottak@miljodir.no](mailto:postmottak@miljodir.no) og merkast ref 2022/317.

Midlane vil bli tildelt den einskilde statsforvaltar i supplerande tildelingsbrev frå Miljødirektoratet i løpet av april.

#### **Anna informasjon frå Miljødirektoratet**

##### *Tilskotsordninga til tiltak i kommunar med ulverevir er avvikla*

I 2017 blei det etablert ei eiga tilskotsordning for kommunar med ulverevir i Hedmark, Akershus og Østfold. Formålet med ordninga er å bidra til konfliktdemping i kommunar med ulverevir. Denne ordninga er no avvikla.

##### *Om satsar for tidleg sanking av sau og bruk av heimebeite*

Miljødirektoratet har i 2018 fastsett felles nasjonale satsar for tidleg sanking av sau og bruk av heimebeite, jf *Forskrift om tilskudd til forebyggende tiltak mot rovviltskader og konfliktdepande tiltak* § 10; <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2013-01-01-3?q=forebyggende%20og%20konfliktdepande>.

##### *Standard rovdyravvisande gjerde*

Miljødirektoratet fastsette oppdatert standard for rovdyravvisande gjerde 25. juni 2018. Denne er tidlegare sendt ut til statsforvaltarane, og ligg tilgjengeleg på FM-nett; <https://www.fm-nett.no/Miljodirektoratet/Nyheter/Ny-standard-for-rovdyravvisande-gjerde/?id=10030&epslanguage=no>

##### *Kursopplegg for administrativ beredskap i kommunane*

Norges Jeger- og Fiskerforbund (NJFF) har på oppdrag frå Miljødirektoratet utvikla eit kursopplegg for administrativ beredskap i kommunane for å kunne handtere situasjonar med rovviltskadar på beitedyr. Kursopplegget er utvikla i samarbeid med Jakt- og Fiskesenteret i Flå og Statens naturoppsyn. Statsforvaltaren må følge opp dette med aktuelle kommunar. Ta kontakt med Jakt- og Fiskesenteret for nærare avtale om kurs.

##### *Rapportering av skadefelling*

SNO gav i 2019 ut ein vegleiar for fellingsoppdrag på store rovdyr, sjå <https://www.miljodirektoratet.no/globalassets/publikasjoner/m1440/m1440.pdf>. Vi ber statsforvaltarane gjere denne kjend for skadefellingslag og aktuelle kommunar. I vegleiaren er det også informasjon om korleis ein gjennom å gå inn på kvart vedtak i Miljøvedtaksregisteret kan rapportere gjennomføringa av kvart fellingsoppdrag.

Miljødirektoratet understrekar at denne reiskapen skal takast i bruk, slik at alle fellingsoppdrag blir rapportert etter denne malen. Det vil vere mogleg å ta kontakt med SNO for teknisk hjelp til dette.

##### *Oppfølging av Riksrevisjonen si undersøking av rovviltforvaltninga*

Riksrevisjonen undersøkte rovviltforvaltninga i 2019, jf. Dokument 3:13 (2018-2019). Eitt av hovudfunna var at miljøforvaltninga har for lite kunnskap om tapsårsakar og om effektar av førebyggande tiltak.

NIBIO og NINA har på oppdrag frå Miljødirektoratet levert ein rapport med vurdering av FKT-ordninga i november 2020, som ei oppfølging av Riksrevisjonen si undersøking. Miljødirektoratet har følgd opp rapporten med ei anbefaling ovanfor Klima- og miljødepartementet, og vil i år starte arbeidet med prioriterte oppgåver i samsvar med denne anbefalinga.

##### *Rapportering*

Det er statsforvaltarane sitt ansvar å sjå til at økonomistyring i staten kap. 6 "Forvaltning av tilskotsordningar" blir etterlevd, og at føringar i forskrifta som regulerer bruken av tilskot til førebyggande og konfliktdepande tiltak og føringar gjevne i supplerande tildelingsbrev blir følgd.

Det er viktig at søknadane blir lagt rett inn i ESS. Søknadar med fleire tiltak må deles inn i tiltakstypar og rapportere bruk av tilskot for kvar tiltakstype.

Statsforvaltarane skal rapportere bruken av tilskot til førebyggjande og konfliktdempjande tiltak innan 21. januar 2023 på eige tilpassa skjema til Miljødirektoratet. Vi reviderte skjema for rapportering i 2020, slik at også bruken av 1420.21 blir rapportert. På det viset blir det og tydeleg skilnad på bruken av postane 21 og 73. Statsforvaltarar som har del i meir enn ein rovviltregion må rapportere bruken av postane 21 og 73 for kvar region i separate faner i rapporteringsskjemaet.

Helsing  
Miljødirektoratet

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent*

Knut Morten Vangen  
seksjonsleiar

Anders Braa  
seniorrådgjevar

Kopi til:

STATSFORVALTEREN I TROMS OG FINNMARK	Postboks 700	9815	VADSØ
STATSFORVALTEREN I TRØNDELAG	Postboks 2600	7734	STEINKJER
STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL	Postboks 2520	6404	MOLDE
STATSFORVALTAREN I VESTLAND	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
STATSFORVALTEREN I INNLANDET	Postboks 987	2604	LILLEHAMMER
STATSFORVALTAREN I ROGALAND	Postboks 59 Sentrum	4001	STAVANGER
STATSFORVALTEREN I OSLO OG VIKEN	Postboks 325	1502	MOSS
STATSFORVALTEREN I AGDER	Postboks 504	4804	ARENDAL
STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMARK	Postboks 2076	3103	TØNSBERG
KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENTET	Postboks 8013 DEP	0030	OSLO
LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENTET	Postboks 8007 Dep	0030	OSLO
LANDBRUKSDIREKTORATET	Postboks 1450 Vika	0116	OSLO
MATTILSYNET	Felles postmottak Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL
STATSFORVALTEREN I NORDLAND	Postboks 1405	8002	BODØ